



Kvinnherad vidaregåande skule
Husnes
5460 HUSNES

Dato: 17.01.2014
Dykkar ref.: 2014/291-19
Vår ref.:

TILBAKEMELDING, MELLOMBELS TILSETJING KVINNHERAD VGS

Viser til brev av 07.01.2014, der de ber om tilbakemelding om mellombelse tilsetjingar ved skulen.

Ved Kvinnherad vidaregåande skule har vi ein person som har mellombels tilsetjing, Matthias W. Zimmermann. Zimmermann er tilsett i deltid som prosjektleiar for realfagsprosjektet TERS2. Prosjektet er finansiert gjennom kompensasjonsmidlar for industrien. Prosjektet er tildelt midlar ut 31.12.2015. Prosjektet skal avsluttast same dato.

I prosjektplan for TERS2 er det lagt inn føringar om at prosjektleiar skal rekrutterast frå realfagsmiljøa, enten frå vidaregåande skule, eller frå ungdomskulane i kommunen.

Zimmermann søkte engasjementet som prosjektleiar våren 2013. Han fekk tilbod om engasjementet sommaren 2013 og takka ja. Han har resterande del av stillinga si ved skulen som han er rekruttert frå, som er Rosendal ungdomskule. Zimmermann skal tilbake i heil stilling ved ungdomskulen, våren 2016 når prosjektet er slutført.



Audun Bjelland

Rektor Kvinnherad vidaregåande skule